

SAUDA KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 29. april 2013
Tid: kl. 13.00
Stad: Sauda Rådhus

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir vara medlem innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at vara medlem kan innkallast.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemmer/vara medlemmer.

Rådmannen med økonomisjef er invitert i sak 10/13

Sakliste:

08/13 Godkjenning av protokoll 18.02.13

09/13 Referatsaker 29.04.13

10/13 Sauda kommune sin årsrekneskap 2012 – kontrollutvalet sin uttale

11/13 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta

Eventuelt

Sauda/Aksdal, 22.04.13

Inge Løyning (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert med økonomisjef i sak 10/13)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.13	08/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.02.13

Saksvedlegg: Protokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.13


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.13 ligg ved saka til godkjenning.
Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Aksdal, 22.04.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 18. februar 2013 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiing av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H), Wenche Pleym (Ap) og Katrine Skorpe (H)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen – Kari Hesjedal frå KPMG deltok via telefon
ANDRE SOM MØTTE:	Kommunalsjef fellestjenester Andreas Fløgstad og kommunalsjef teknisk Anders Skaarer i sak 04/13. Ordførar Frode Sulen, rådmann Alan G. Thompson og plan og beredskapskoordinator Jostein Overseid i sak 03/13 og 04/13
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 04/13, så 03/13 vart handsama fyrst, så blei sakslista følgt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 19.11.12

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19.11.12 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19.11.12 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 02/13 REFERATSAKER 18.02.13

1. Årsrapport og årsrekneskap for 2012 – frå Skatteoppkrevjaren i Sauda kommune
2. Statusoversikt pr. februar 2013
3. Restanselister for vedtak i formannskap/kommunestyret
4. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak
5. Medlemsbrev nr. 2/2012 frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Leiar orienterte om referatsakene. FKT konferansen i juni blei drøfta, kven ville reisa? Utvalet blei samde om at 2 medlemmer reiser.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Kontrollutvalet tek referatsakene 1 - 5 til orientering. Utvalet vedtok at 2 medlemmer reiser på FKT konferansen i juni.

SAK 03/13 RUTINAR/SYSTEM FOR PERSONOPPLYSNINGSHANDTERING I SAUDA KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Sauda kontrollutval tar rådmannen sin orientering om rutinar/system for personopplysningshandtering i Sauda kommune til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Plan og beredskapskoordinator Jostein Overseid orienterte om oppbygginga og rutinar for personopplysningshandtering. Han viste på skjerm korleis systemet var bygd. Overskeid meinte kommunen hadde gode rutinar og oppfylte krav og forskrifter på ein god måte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Sauda kontrollutval tar rådmannen sin gjennomgang om rutinar/system for personopplysningshandtering i Sauda kommune til orientering.

SAK 04/13 RUTINAR FOR ANBOD, KONTRAKTAR OG KLAGEHANDSAMING.

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen sin orientering om anbod, kontraktar og klagehandsaming til etterretning.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Rådmann, kommunalsjef fellestjenester og kommunalsjef teknisk orienterte om anbodsarbeidet og rutinar. Dei orienterte og om saken som gjaldt anbod for renovasjonstenesta i kommunen. Utvalet hadde på førehand fått tilsendt eit notat og mykje dokumentasjon om saka som gjaldt renovasjon.

Medlemmene hadde nokre spørsmål til orienteringane og den framlagde dokumentasjonen. Utvalet meinte dei fekk ei grundig orientering og at meningsutvekslinga om denne saken var god, spesielt hadde anbodsrutinar og kommunikasjon vore i fokus på ein konstruktiv måte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen sin orientering om anbod, kontraktar og klagehandsaming til etterretning.

Kontrollutvalet i Sauda ber Sauda kommune innarbeida dei konstruktive innspel som kom fram i møtet inn i sine innkjøpsrutinar.

SAK 05/13 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Utvalet hadde ingen merknader eller tilføyningar til årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

**SAK 06/13 RAPPORT SELSKAPSKONTROLL - INTERKOMMUNALT ARKIV
IKS (IKA)**

Sekretariatet si innstilling:

1. Sauda kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Utvalet hadde ingen merknader til rapporten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13 og innstilling til kommunestyret:

1. *Sauda kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.*
2. *Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.*

SAK 07/13 UTVELGJING AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2013

Sekretariatet si innstilling:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte i april 2013.

Handsaming i kontrollutvalet 18.02.13:

Utvalet drøfta kva for prosjekt dei meinte var mest aktuelt å setje i gang i år. Utvalet vart samd om at legesenteret/legetenesta var det som peika seg ut no.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.02.13:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet legesenteret/legetenesta til neste møte i april 2013.

EVENTUELT

Ingen saker meldt

Neste møte: 29.04.13, kl. 13.00

Sauda/Aksdal, 18.02.13

Inge Løyning
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.13	09/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERATSAKER 29.04.13**Saksvedlegg:**

6. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Sauda kommune
7. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 03/13 – Plan for forvaltningsrevisjon
8. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 04/13 – Plan for selskapskontroll
9. Kommunestyrevedtak 18.04.13, sak 27/13 – Rapport etter selskapskontroll IKA
10. Innkalling – representantskapsmøte 25.04.13 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
11. Innkalling – representantskapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat
12. Representantskapsmøte 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
13. Årsmøte 06.06.13 – Ryfylke IKS
14. Statusoversikt pr. april 2013

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 6 – 14 vert tatt til orientering.

Aksdal, 22.04.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær



Skatt vest

Saksbehandlar
Frode Kristiansen

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013

Telefon
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/155883

Kommunestyret i Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 19.02.13
Journalført: 13/701 egh
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Sauda kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnskrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sjå www.skatteetaten.no
skattvest@skatteetaten.no

Sentralbord
800 80 000



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Sauda kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 432 460 921 og uteståande restansar² på kr 8 800 328, av dette krav stilla på vent kr 2 416 643. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 21. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Sauda kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	8,20	94,89	91,00	93,42	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	57,30	99,99	99,80	99,96	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	20,18	98,33	98,50	98,85	99,22
Forskotskrekk 2011	127,54	100,00	99,90	99,96	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	17,65	100,00	99,00	99,71	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	3,21	99,81	98,50	96,60	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Sauda kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga Haugalandet arbeidsgiverkontroll.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
153	8	16	10,5 %	12,0 %	11,9 %	4,3 %

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontroll samarbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
1,5	1,5	1,5

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, retningslinjer og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar.

Venleg helsing


for Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Sauda kommune
- Skatteoppkrevjaren for Sauda kommune
- Riksrevisjonen

SAUDA KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak
033	Solfrid Løvbrekke Handeland	11/714

Plan for forvaltningsrevisjon - Kontrollutvalet

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre vedtar Plan for forvaltning for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre. Retningslinjer for forvaltningsrevisjon i Sauda kommune vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet får delegert ansvar i perioden for å endra planen etter behov.

20.02.2013 KOMMUNESTYRET

Leiar av Kontrollutvalget, Inge Løyning, orienterte om saken.

KOM-003/13 VEDTAK:

Samrøystes.

Sauda kommunestyre vedtar Plan for forvaltning for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre. Retningslinjer for forvaltningsrevisjon i Sauda kommune vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet får delegert ansvar i perioden for å endra planen etter behov.

Sauda, 29.11.2012

Alan G. Thompson
rådmann

SAUDA KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak
033	Solfrid Løvbrekke Handeland	11/714

Plan for selskapskontroll - Kontrollutvalet

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll 2012-2016 for innevarande kommunestyreperiode.

Kontrollutvalet blir delegert til å foreta nødvendige endringar i planen.

Gjeldande retningslinjer for selskapskontroll i Sauda kommune vert vidareført for perioden.

20.02.2013 KOMMUNESTYRET

Leiar av Kontrollutvalet orienterte om saken.

KOM-004/13 VEDTAK:

Samrøystes.

Sauda kommunestyre vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll 2012-2016 for innevarande kommunestyreperiode.

Kontrollutvalet blir delegert til å foreta nødvendige endringar i planen.

Gjeldande retningslinjer for selskapskontroll i Sauda kommune vert vidareført for perioden.

Sauda, 29.11.2012

Alan G. Thompson
rådmann



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.04.13
Journalført: 13/141/ogk
Arkivkode: 262

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	13/900-4/13/4106/Solfrid Løvbrekke Handeland	026	18.04.2013

Vedtak i kommunestyresak 027/13 - Rapport etter selskapskontroll - IKA IKS

Det er gjort følgende vedtak i saka:

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre tek den framlagte selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.

Kontrollutvalet følger opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

10.04.2013 KOMMUNESTYRET

Leiar av kontrollutvalet, Inge Løyning, orienterte om saka.

KOM-027/13 VEDTAK:

Samrøystes:

Sauda kommunestyre tek den framlagte selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.

Kontrollutvalet følger opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

Med helsing
Kundetorget

Solfrid Løvbrekke Handeland
politisk sekretær/fagleder Kundetorget



INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND IKS

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 23.04.13
Journalført: 13/120/4th
Arkivkode: 217

Representantskapet v/Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

Vår ref.
13/115-2/033/TIJ

Deres ref.

Dato:
22.03.2013

Innkalling til representantskapsmøte

Representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland innkalles med dette til årsmøte:

Torsdag 25. april d.å.

Kl. 10.00 i konferanserommet, 4 etasje i Bergelandsgaten 30 i Stavanger.

Saksliste	
01/13	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/13	Valg av leder og nestleder til representantskapet
03/13	Valg av referent og to representanter til å undertegne protokoll
04/13	Endring av selskapsavtalen – ny deltaker i selskapet
05/13	Årsmelding 2012
06/13	Regnskap og revisjonsberetning for 2012
07/13	Budsjettforutsetninger og rammer for 2014
08/13	Økonomiplan 2014-2017
09/13	Oppfølging av selskapskontroll
10/13	Valg av styre og valgkomité
11/13	Innkomne saker

Det inviteres til enkel lunsj etter møtet.

Saker som ønskes behandlet må være tilsendt administrasjonen ved IKA innen onsdag 17. april.

Det bes videre at deltakerne gir beskjed til IKA innen 17. april om hvem som kommer til å representere kommunen/selskapet på møtet. For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

Faglig orientering: kvinner i politikken. En presentasjon av kvinnelige pionerer i lokalpolitikken i anledning stemmerettsjubileet.

Med hilsen

(sign.)
Jorunn P. Hegdal
Representantskapet leder

(sign.)
Tor Ingve Johannessen
daglig leder

Vedlegg.

Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

tirsdag 7. mai 2013 kl. 18.00

Sted: Tysvær rådhus – Cleng Peerson-rommet (hovedinngang, 2.etg.)
Servering: Enkel
Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979
post@kontrollutvalgene.no

Vararepresentanter møter kun etter særskilt innkalling. Det bes om at de oppnevnte gir beskjed **innen 3. mai** at de møter. For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

Til behandling foreligger:

- 1/13 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2/13 Godkjenning av protokoll fra møte 08.05.12
- 3/13 Referatsaker
- 4/13 Suppleringsvalg – ny styreleder
- 5/13 Deltakelse i Interkommunalt Arkiv (IKA) i Rogaland IKS
- 6/13 Årsmelding 2012
- 7/13 Årsregnskap 2012
- 8/13 Budsjett 2014
- 8/13 Økonomiplan 2014 – 2017

Aksdal 08.04.13

(sign.)
Aasmund Austerheim
Leder av representantskapet

(sign.)
Toril Hallsjø
Daglig leder

Kopi: Vararepresentanter, styremedlemmer, revisor og deltakerkommunene v/postmottak

*I tråd med § 8 i Lov om interkommunale selskaper sendes innkalling til møte i representantskapet med **fire ukers varsel**.*

Sakspapirer sendes ut to uker før møtet.



Statusoversikt april 2013 – kontrollutvalet

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Legesenteret/legetenesta	29.04.13		Klart for bestilling		
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroller					
Interkommunalt arkiv	25.04.12	18.02.13	Kst 10.04.13	Hausten 2013	
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	18.06.12	19.11.12	Kst 20.02.13		
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2012-2016		24.09.12	Kst 20.02.13		
Andre saker					

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.13	10/13
Formannskapet	08.05.13	
Kommunestyret	22.05.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	210	

SAUDA KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

- Vedlegg i saka:**
1. Utkast til uttale frå kontrollutvalet
 2. Rekneskapen for 2012
 3. Årsmelding for 2012
 4. Revisjonsmelding for 2012
 5. Revisor sitt årsoppgjersbrev for 2012 (blir lagd fram i møtet)

Bakgrunn:

I Forskrift om kontrollutvalg § 7 heiter det at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret. Uttalen gis til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal og sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapen (årsoppgjersbrev) vert fylgt opp – dette i henhold til Kontrollutvalgsforskriften § 8.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev til rådmannen og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen som er framlagt viser eit resultat med eit netto driftsresultat på rundt 1 million kroner. Dette utgjer 0,2 % av driftsinntektene, noko som er vel lavt. Tilrådingane seier at eit resultat bør ligge på minimum 3 % for at den økonomiske situasjonen skal være tilfredsstillande.

Etter interne finansdisposisjonar har kommunen eit mindreforbruk/udisponert overskot på 3,4 mill. kroner.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 61,2 mill. kr. Justert for finans-transaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 60 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Det er utarbeidd notar som gjev god informasjon og forklaring til tala i rekneskapen.

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentarar:

Handlingsrom og økonomi

I 2012 legges det fram et driftsregnskap med et regnskapsmessig overskudd på om lag 3,4 millioner kroner. Netto driftsresultat er 0,2 %. Korrigert netto driftsresultat er imidlertid 0,9 % (utbetaling Nasjonal Turistvei 4 MK fra fond, mottatt 1 million fra Ryfylkefondet til samme formål).

Det er en del årsaker til at det kan legges fram et driftsregnskap i balanse. Dette gjelder nesten utelukkende inntekter som ikke er knyttet til drift av tjenestene våre, samt finansutgifter og -inntekter, og avsetning og bruk av fond.

Ser en på tjenesteområdene eksklusiv premieavvik og introduksjonstjenesten, går det fram at disse, samlet sett, er i minus med knapt 5,4 millioner kroner (eksklusiv avskrivninger).

Dette er bekymringsfullt.

.....

Selv om Sauda kommune hadde et lite overskudd i regnskapet for 2012, og et marginalt driftsresultat, så er det ingen god utvikling at tjenesteområdene våre, selve driften av kommunen, i sum går i underskudd. Det brukes mer penger enn vi har, og enkelte tjenesteområder sliter mer enn andre.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har avlagt si revisjonsmelding. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sauda kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor sitt årsoppgjersbrev vil bli lagd fram i møtet.

Notatet saman med meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersbrevet. Sekretariatet vil gjere framlegg om at det vert gjort.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sauda vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre/ med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Aksdal, 22.04.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Til kommunestyret i Sauda

Kontrollutvalet sin uttale om Sauda kommune sin årsrekneskap for 2012

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 29.04.12, sak 10/13 handsama Sauda kommune sin årsrekneskap for 2012.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisoren sitt årsoppgjerdsbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Sauda kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,4 millionar.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 1 million kroner, og at delar av dette er nytta til avsetningar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Kontrollutvalet i Sauda har ingen merknader til Sauda kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsvbrev og revisjonsberetning.

Sauda, 29.04.13

Inge Løyning
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 16.04.
Journalført: 15/1381 ogh
Arkivkode: 210.

Saida

Økonomisk oversikt 2012

Drift

Investering

ØKONOMISKOVERSIKT DRIFT 2012

Tekst	Regnskap 2012	Reg. bud. 2012	Oppr. Bud 2012	Regnskap 2011
Brukerbetalinger	10 299 091,06-	9 575 120,00-	9 575 120,00-	9 817 271,62-
Andre salgs- & leieinntekt	75 541 169,19-	72 037 855,00-	68 778 855,00-	81 290 697,86-
Overfør med krav motytelse	49 609 120,44-	37 950 717,00-	37 654 017,00-	41 808 584,68-
Rammetilskudd	132 029 252,00-	130 158 000,00-	130 158 000,00-	122 260 348,20-
Andre statlige overføringer	28 122 708,00-	20 902 000,00-	19 502 000,00-	23 845 943,00-
Andre overføringer	4 900 624,79-	0,00	0,00	5 658 870,00-
Inntekts- og formueskatt	97 603 821,00-	111 600 000,00-	111 600 000,00-	95 583 586,19-
Eiendomsskatt	29 731 941,33-	31 932 000,00-	31 932 000,00-	32 182 615,25-
Andre dir/indir. Skatter	14 387 563,00-	4 550 000,00-	4 550 000,00-	11 418 000,00-
Sum Diftsinntekter	442 225 290,81-	418 705 692,00-	413 749 992,00-	423 865 916,80-
Lønnsutgifter	228 482 551,93	218 591 771,00	215 045 594,00	218 575 207,06
Sosiale utgifter	52 908 287,98	59 804 462,00	59 634 462,00	56 383 172,04
Kjøp inng komm tjpr	70 243 439,32	63 423 463,00	55 844 463,00	69 033 943,03
Kjøp erstattn komm tj.prod	45 008 361,04	36 373 950,00	33 450 587,00	34 373 854,68
Overføringer	23 866 021,94	19 321 407,00	19 314 407,00	22 899 262,31
Avskrivninger	21 370 055,58	30 347 293,91	16 378 783,00	23 192 795,57
Fordeelte utgifter	421 000,00-	211 000,00-	211 000,00-	1 222 028,84-
Sum driftsutgifter	441 457 717,79	427 651 346,91	399 457 296,00	423 236 205,85
Brutto Driftsresultat	767 573,02-	8 945 654,91	14 292 696,00-	629 710,95-
Renteinntekter og utbytte	4 411 311,43-	2 150 000,00-	2 150 000,00-	3 686 635,33-
Gevinst finansielle instrum	2 590 917,35-	2 000 000,00-	2 000 000,00-	1 208 427,00-
Mottatte avdrag på utlån	65 366,32-	0,00	0,00	4 652 266,26-
Sum ekst. finansinnt.	7 067 595,10-	4 150 000,00-	4 150 000,00-	9 547 328,59-
Renteutg. og låneomkostn.	13 917 736,17	12 307 651,00	14 657 651,00	9 734 082,34
Tap finansielle instrum.	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	13 773 522,60	13 603 897,00	13 603 897,00	11 893 799,60
Utlån	560 287,22	0,00	0,00	171 136,00
Sum ekst. finansutg.	28 251 545,99	25 911 548,00	28 261 548,00	21 799 017,94
Res eksterne finanstrans.	21 183 950,89	21 761 548,00	24 111 548,00	12 251 689,35
Motpost avskrivninger	21 370 055,58-	30 347 293,91-	16 378 783,00-	23 192 795,57-
Netto driftsresultat	953 677,71-	359 909,00	6 559 931,00-	11 570 817,17-
Mindreforbruk	3 481 341,99-	3 481 342,00-	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	11 022 321,84-	7 324 637,00-	200 000,00-	1 714 000,00-
Bruk av bundne fond	6 119 423,61-	5 075 000,00-	5 075 000,00-	9 113 936,20-
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avset.	20 623 087,44-	15 880 979,00-	5 275 000,00-	10 827 936,20-
Overført til invest.regn.	6 804 797,00	6 804 797,00	6 600 000,00	2 979 150,16
Dekn. tidl. års RM merforbr	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetn. disposisjonsfond	4 708 682,77	3 305 336,00	100 000,00	7 700 921,89
Avsetninger bundne fond	6 663 427,89	5 410 937,00	5 134 931,00	8 237 339,33
Avsetninger likv.reserven	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	18 176 907,66	15 521 070,00	11 834 931,00	18 917 411,38
RM mer-/mindreforbruk	3 399 857,49-	0,00	0,00	3 481 341,99-

Økonomisk oversikt investeringer 2012

Tekst	Regnskap 2012	Reg. bud. 2012	Oppr. bud. 2012	Regnskap 2011
Salg driftsmidler & eiendom	2 394 020,99-	1 900 000,00-	0,00	480 875,00-
Andre salgsinntekter	627 390,03-	0,00	0,00	415 913,00-
Overfør m/krav til motytelse	341 666,00-	3 025 000,00-	0,00	200 000,00-
Statlige overføringer	0,00	1 000 000,00-	1 000 000,00-	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	3 363 077,02-	5 925 000,00-	1 000 000,00-	1 096 788,00-
Lønnsutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp inng komm tjpr	53 856 397,59	154 268 686,00	55 050 000,00	23 372 255,54
Kjøp erstatn komm tj.prod	0,00	0,00	0,00	5 000,00
Overføringer	7 413 470,60	0,00	0,00	2 979 150,77
Renteutg. og omkostninger	5 315,50	0,00	0,00	0,00
Fordeelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	61 275 183,69	154 268 686,00	55 050 000,00	26 356 406,31
Avdrag på lån	180 373,00	1 000 000,00	1 000 000,00	194 613,00
Utlån	1 200 000,00	0,00	0,00	200 000,00
Kjøp av aksjer og andeler	831 647,00	750 000,00	750 000,00	713 996,00
Dekning av tidl.års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetn.ubundne invest.fond	0,00	350 000,00	350 000,00	0,00
Avsetn. til bundne fond	6 885,00	0,00	0,00	97 786,00
Avsetn. Likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstrans.	2 218 905,00	2 100 000,00	2 100 000,00	1 206 395,00
Finansieringsbehov	60 131 011,67	150 443 686,00	56 150 000,00	26 466 013,31
Bruk av lån	46 906 411,67-	137 157 962,00-	48 450 000,00-	21 236 376,65-
Mottatte avdrag på utlån	187 258,00-	350 000,00-	350 000,00-	286 043,00-
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidl års min.forbr	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer fra driftsregn	6 804 797,00-	6 804 797,00-	6 600 000,00-	2 979 150,16-
Bruk av disposisjonsfond	831 647,00-	6 130 927,00-	750 000,00-	713 996,00-
Bruk av ubundne invest.fond	5 380 927,00-	0,00	0,00	1 250 447,50-
Bruk av bundne fond	19 971,00-	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	60 131 011,67-	150 443 686,00-	56 150 000,00-	26 466 013,31-
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Regnskapsskjema 1A 2012

Driftsregnskapet	Regnsk 2012	Oppr.bud 2012	Oppr.bud2011	Regnsk 2011
Skatt på formue og inntekt	-97603821	-111 600 000	-106 000 000	-106951586
Ordinært rammetilskudd	-132029252	-130 158 000	-120 916 000	-122260348
Skatt på eiendom	-29731941,33	-31 932 000	-31 429 209	-32182615
Andre direkte / indirekte skatter (hjemf)	-18384492	-4 550 000	-4 550 000	-4046929
Andre generelle statstilskudd	-16972422	-13 295 000	-13 040 000	-13659160
Motpost MVA komp	-17390729,14	-19 000 000	-18 748 000	-11798081
Fordeling	86317	0	0	76062
Sum frie disponible inntekter	-312 026 340	-310 535 000	-294 683 209	-290 822 657
Renteinntekter og utbytte (sosiale utlån	-4476677,75	-2 150 000	-4 150 000	-9556215
Renteutgifter, provisjoner og finsnsutgi	13917736,17	14 657 651	11 585 192	9734082
Gevinst finansielle instrumenter	-2590917,35	-2 000 000	0	0
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån (inkl. sosiale utlån 52)	14333809,82	13 603 897	11 170 564	12064935
Netto finansinntekter / -utgifter	21 183 951	24 111 548	18 605 756	12 242 802
Til dekning av tidl års regnskapsm merf	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger 54	4708682,77	100 000	554 500	7700921
Til bundne avsetninger 55	6663427,89	5 134 931	4 947 934	8237340
Til likviditetsreserve 56	0	0	0	0
Bruk av tidl års regnskapsm mindreforb	-3481341,99	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger 94	-11022321,84	-200 000	-200 000	-1714000
Bruk av bundne avsetninger 95	-6119423,61	-5 075 000	-4 610 000	-9113936
Bruk av likviditetsreserve 96	0	0	0	0
Netto avsetninger / forbruk	-9 250 977	-40 069	692 434	5 110 325
Overført investeringsregnskapet 57	6804797	6 600 000	4 292 000	2979150
Motpost avskrivninger / kalk.renter 990	-21370055,58	-16 378 783	-16 558 364	-23192796
Til fordeling drift	-314 658 625	-296 242 304	-287 651 383	-293 683 176
Sum fordelt til Drift (fra skjema 1B)	311258767	296 242 304	287 651 383	290 201 835
Merforbruk / mindreforbruk	-3 399 858	0	0	-3 481 341

Regnskapsskjema 1B 2012

Driftsregnskapet	Regnskap 2012	Budsjett 2012	Regnskap 2011	Budsjett 2011
Staber / Fellestjenester				
Sum inntekter	15 542 043	8 533 000	15 838 180	9 602 070
Sum utgifter	60 713 518	50 795 809	56 769 304	50 626 211
Netto driftsramme	45 171 475	42 262 809	40 931 124	41 024 141
Avsatt lønn og pensjon				
Sum inntekter	0	0	0	0
Sum utgifter	-1 020 705	4 885 587	5 790 400	8 499 554
Netto driftsramme	-1 020 705	4 885 587	5 790 400	8 499 554
Næring				
Sum inntekter	32 063 323	27 215 000	34 075 142	29 642 575
Sum utgifter	19 448 312	13 583 348	16 074 408	14 997 750
Netto driftsramme	-12 615 011	-13 631 652	-18 000 734	-14 644 825
Opplæring				
Sum inntekter	8 016 736	4 433 722	7 382 660	4 420 722
Sum utgifter	61 953 329	56 565 653	58 457 481	55 935 693
Netto driftsramme	53 936 593	52 131 931	51 074 821	51 514 971
Barnehage				
Sum inntekter	5 788 744	4 664 600	5 450 875	4 064 200
Sum utgifter	33 623 652	28 325 256	30 626 859	27 576 747
Netto driftsramme	27 834 908	23 660 656	25 175 984	23 512 547
Lege / fysio				
Sum inntekter	6 059 278	5 927 845	6 618 579	5 897 828
Sum utgifter	16 081 946	13 939 982	14 471 554	14 494 904
Netto driftsramme	10 022 667	8 012 137	7 852 975	8 597 076
Pleie og Omsorg				
Sum inntekter	12 642 272	13 155 508	14 774 735	13 336 120
Sum utgifter	126 172 406	125 625 619	119 385 777	116 410 890
Netto driftsramme	113 530 134	112 470 111	104 611 042	103 074 770
Helsesenteret				
Sum inntekter	4 950 548	1 676 000	3 899 041	2 856 202
Sum utgifter	33 339 042	26 944 138	31 324 627	26 195 388
Netto driftsramme	28 388 494	25 268 138	27 425 586	23 339 186
Kultur				
Sum inntekter	1 654 979	1 297 000	3 329 854	1 297 000
Sum utgifter	9 845 010	9 345 821	9 934 078	9 911 927
Netto driftsramme	8 190 031	8 048 821	6 604 224	8 614 927
Teknisk inkl Havnekassen				
Sum inntekter	44 722 027	37 343 317	43 707 331	35 329 183
Sum utgifter	82 542 208	70 477 083	82 443 744	69 448 219
Netto driftsramme	37 820 181	33 133 766	38 736 413	34 119 036
TIL FORDELING DRIFT	311 258 767	296 242 304	290 201 835	287 651 383

Regnskapsskjema 2A 2012

Investeringsregnskapet	Regnskap 2012	Korr.Bud. 2012	Oppr.Bud. 2012	Regnskap 2011
Inntekter:				
Salg av driftsmidler og fast eiendom				-480 875,00
Andre salgsinntekter	-3 021 411,00		-1 900 000,00	-415 913,00
Refusjoner	-141 666,00		-400 000,00	-200 000,00
Statlige overføringer	-200 000,00		-2 625 000,00	
Andre overføringer			-1 000 000,00	
Renteinntekter og utbytte				
Sum inntekter				-1 096 788,00
Utgifter:				
Lønnsutgifter	53 856 398,00		154 268 686,00	
Sosiale utgifter				
Vare og tjenester i komm. Egenprod.				23 372 255,00
Kjøp av tjenester, erstatter egenproduksjon				5 000,00
Overføringer inkl. mva komp	7 413 471,00			2 979 150,00
Renteutgifter og omkostninger	5 316,00			0,00
Fordelte utgifter				0,00
Sum utgifter				26 356 405,00
Finanstransaksjoner:				
Avdrag på lån	180 373,00		1 000 000,00	194 613,00
Utlån	1 200 000,00			200 000,00
Aksjekjøp	831 647,00		750 000,00	713 996,00
Dekning av tidligere underskudd				0,00
Avsett til ubundne kapitalfond			350 000,00	0,00
Avsett til bundne fond	6 884,00			97 786,00
Avsett til likviditetsreserven				0,00
Sum finanstransaksjoner				1 206 395,00
Finansieringsbehov	60 131 012,00		150 443 686,00	26 466 012,00
Dekket slik:				
Bruk av lån	-46 906 412,00		-137 157 962,00	-21 236 376,00
Mottatte avdrag	-187 258,00		-350 000,00	-286 043,00
Salg av aksjer				0,00
Bruk av tidligere overskudd				0,00
Overført fra driftsregnskapet	-6 804 797,00		-6 804 797,00	-2 979 150,00
Bruk av disposisjonsfond	-831 647,00		-6 130 927,00	-713 996,00
Bruk av ubundne kapitalfond	-5 380 927,00			-1 250 447,00
Bruk av bundne fond	-19 971,00			0,00
Bruk av likviditetsreserven				0,00
Sum finansiering	-60 131 012,00		-150 443 686,00	-26 466 012,00
Udekket/udisponert	0,00		0,00	0,00

Regnskapsskjema 2B 2012

Investeringsregnskapet	Regnskap 2012	Korr.Budsj. 2012	Oppr.Budsj. 201	Regnsk2011
IKT prosjekter	1 728 896,81		2 899 703,00	1 593 059,00
VAR	12 411 026,51		28 244 831,00	8 922 393,00
Veier	4 957 825,13		2 000 000,00	1 705 397,00
Kultur- og idrettsanlegg	4 865 982,98		12 087 888,00	979 631,00
Pleie og omsorg/sosial	6 251 410,07		37 141 875,00	266 691,00
Skuler/barnehager	28 216 414,68		63 108 654,00	6 659 888,00
Andre bygg og anlegg	473 342,88		125 000,00	5 610 597,00
Forskottering veg				
Inventar				
Maskiner og utstyr	950 000,00		800 000,00	618 750,00
Andre anlegg	1 420 284,63		7 655 938,00	
Sum investeringer	61 275 183,69		154 063 889,00	26 356 406,00



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 19.04.13
Journalført: 13/157/ogh
Arkivkode: 216

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Sauda kommune

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sauda kommune som viser kr 314 658 625 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på 3 399 857. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sauda kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knaresund	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Straume
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tvedestrand
Grimstad	Ræres	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 19. april 2013

KPMG AS

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

Kopi:

Kontrollutvalet

Formannskapet

Rådmannen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.13	11/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON AV LEGESENTERET/LEGETENESTA

Saksvedlegg: Prosjektplan – forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta – frå KPMG

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok på møtet den 18.02.13, i sak 07/13 følgjande:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet legesenteret/legetenesta til neste møte i april 2013.

Saksorientering:

KPMG har utarbeida ein prosjektplan som følgjer vedlagt saka. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta i Sauda kommune klargjort.

I prosjektplanen blir det skissert to ulike tilnærmingar. I alternativ A har ein sterkare fokus på kva som ikkje har fungert og konsekvensane av det. Alternativ B er spissa mot årsaker og kva tiltak ein kan setje i verk for å forbera situasjonen.

Utvalet må ta stilling til kva for alternativ dei vil velje og tilhøyrande problemstillingar. Sekretariatet er av den meining at alternativ B verkar meir framtidsretta, men overlet til utvalet å velja alternativ.

KPMG reknar med å kunne gjennomføra prosjektet innafor ei tidsramme på 200 timar. Kostnaden med dette revisjonsprosjektet vil til saman bli på om lag 180 000 kr. eks. mva. Det er i 2013 budsjettert med ei ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på maksimalt 250 timar.

KPMG reknar med å starte opp prosjektet i mai 2013 og kunne leggja fram endeleg rapport til kontrollutvalet i oktober 2013.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet i Sauda tingar ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta i Sauda kommune i fylgje vedlagde prosjektplan frå KPMG, eventuelt med desse endringane:
Utvalet vel følgjande alternativ: (A eller B), og tilhøyrande problemstillingar. Ramma vert sett til 200 timar.

Aksdal, 22.04.13



Odd Gunnar Høie
Utvælssekretær

PROSJEKTPLAN

Laga iht. RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon

PROSJEKTNAMN Forvaltningsrevisjon legetenesta

KOMMUNE/nr

Sauda kommune/ 1135

UTFØRANDE REVISORAR

Willy Hauge - partner

Øivind Støle – prosjektleiar

Ingvill Strand – prosjektmedarbeidar

Kari Hesjedal – prosjektmedarbeidar

Åse Østensjø – prosjektmedarbeidar/fagressurs kompetanse og bemanning

VURDERING AV HABILITET (Iht forskrift om revisjon og kommuneloven § 79)

Etter vår vurdering vil ingen av dei utførande revisorar få habilitetsproblem ved gjennomføringa av dette prosjektet, jf. egenerklæringsskjema.

BAKGRUNN, PROBLEMSTILLINGAR OG AVGRENŚING

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i sitt møte 18. februar 2013 (sak 07/13) å bestille forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon frå KPMG, med utgangspunkt i prosjekt om legetenesta i Sauda kommune. Oppdraget vert gjennomført i samsvar med kontrollutvalet si bestilling i sak 07/13, samt tidlegare vedteke "Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015".

Legesenteret i Sauda kommune har i ein tid hatt utfordringar knytt til bemanning som har skapt ein lite føreseieleg arbeidssituasjon både for tilsette og brukarar. Det har vore lite stabilitet, mykje bruk av vikarar på grunn av permisjonar og sjukefråvær og stor arbeidsbelastning på dei tilsette. Kommunen arbeider kontinuerleg for å betre situasjonen, både på kort og lang sikt. Ein forvaltningsrevisjon vil mellom anna kunne vurdere

konsekvensane av bemanningsutfordringane eller identifisere årsaker og foreslå forbetringstiltak.

Alternative tilnærmingar

I samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet, presenterer KPMG to ulike tilnærmingar til temaet. Under *føremål* er det derfor vist til alternativ A og B, og tilsvarande er det foreslått alternative *problemstillingar* (2 eller 3).

Både alternativ A og B er typiske tilnærmingar for forvaltningsrevisjonsprosjekt. I praksis vil tilnærmingane overlappe kvarandre, men dei har ulikt hovudfokus. Alternativ A har sterkare fokus på kva som ikkje har fungert og konsekvensane av det, medan alternativ B er meir spissa mot årsaker og kva tiltak ein kan setje i verk for å forbetre situasjonen.

Føremål

Alternativ A:

Forvaltningsrevisjonen skal søkje å identifisere dei viktigaste *konsekvensane* av bemanningsutfordringane ved legesenteret, samt foreslå tiltak for å lukke avvik

Alternativ B:

Forvaltningsrevisjonen skal søkje å identifisere dei viktigaste *årsakene* til bemanningsutfordringane ved legesenteret, samt foreslå tiltak for å skape ein meir stabil og føreseieleg bemanningssituasjon.

Problemstillingar

1. Kartleggje bemanningssituasjonen ved legesenteret slik han har vore dei siste 1-2 åra, med utgangspunkt i rekruttering, stabilitet ("turnover"), sjukefråvær, vikarbruk og overtidsbruk
 2. Identifisere eventuelle konsekvensar av bemanningsutfordringane, med utgangspunkt i eventuell mangelfull regeletterleving og/eller måloppnåing (jf. føremål A)
- eller**
3. Identifisere dei viktigaste årsakene til bemanningsutfordringane, med utgangspunkt i organisering/styringsstruktur, tilgang på kompetanse og ressursar, kompetansestyring og leiging (jf. føremål B)
 4. Identifisere og vurdere tiltak som er sett i verk for å forbetre situasjonen på grunnlag av punkt 2 eller 3

REVISJONSKRITERIA (Jfr. pkt 25-29 i RSK 001)

Aktuelle kjelder for revisjonskriteria er:

- Kommuneloven
- Arbeidsmiljøloven
- Interne reglar og rutinar i kommunen
 - delegasjonsreglement
 - personalreglement
 - kvalitetssystem
 - målekort for legetenesta

METODE (Jfr. pkt 30-34 i RSK 001)

Aktuelle kjelder for datainnsamling og analyse er:

Dokumentanalyse
Intervju med nøkkelpersonar
Analyse av kommunal statistikk/KOSTRA-tal

MILEPELER

Godkjenning av prosjektplan ultimo april 2013
Oppstartsbrev/møte mai 2013
Datainnsamling mai – august 2013
Rapportutkast september 2013
Høyring september 2013
Presentasjon av endeleg rapport i kontrollutvalet oktober 2013

RESSURSBEHOV; PLANLAGT TIDSBRUK

Oppdragsansvarleg revisor: 10 t
Prosjektleder: 40 t
Prosjektmedarbeidarar: 150 t
Totalt: 200 t

PRIS

180 000 kr eks. mva.